

LILLESAND VIND AS  
c/o Nicolai Løvdal  
Strandgata 10  
4790 LILLESAND

Vår dato: 18.02.2020  
Vår ref.: 201501190-73  
Arkiv: 511  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Thomas Mo Willig  
22959377/tmwi@nve.no

## Lillesand Vind AS - vedtak om utsett frist for idriftsetting av Lillesand vindkraftverk, Lillesand kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 29.01.2020 frå Lillesand Vind AS om utsett frist for idriftsetting av Lillesand vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2021. Lillesand vindkraftverk er lokalisert i Lillesand kommune, Agder fylke.

Endeleg anleggskonsesjon for Lillesand vindkraftverk vart tildelt E18 Vindpark AS av Olje- og energidepartementet (OED) den 30.11.2016. I konsesjonsvilkår nr. 1 vart det sett frist om idriftsetting av anlegget innan 31.12.2020.

Lillesand Vind AS søker om utsett frist for idriftsetting av Lillesand vindkraftverk med grunngjeving at arbeidet med detalj og Miljø, transport og anleggsplan (MTA) har tatt lenger tid enn planlagt. Detalj og MTA-plan er for tida under handsaming hjå NVE.

Lillesand Vind AS viser også til eit brev frå NVE den 27.11.2019 der NVE informerer om ny praksis for forlenging av frist for idriftsetting av landbasert vindkraftverk. NVE viser til at dei fleste anleggskonsesjonar har frist for idriftsetting innan utgangen av 2020 og 2021. Fristane er knyta til avslutning av elsertifikatorordninga, som først hadde frist 31.12.2020, seinare forlenga til 31.12.2021. NVE har hatt som fast praksis å gi forlenging av frist for idriftsetting til 31.12.2021

NVE har ikkje funne det naudsynt å senda søknaden på høyring ettersom det er administrativ praksis å forlenga frist for idriftsetting fram til 31.12.2021.

NVE ber Lillesand Vind AS om å orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket.

### Namneendring

E18 Vindpark AS (org. Nr 997235371) vart tildelt endeleg konsesjon til å bygga Lillesand vindkraftverk 30.11.2016. Selskapet skifta i etterkant namn til Lillesand Vind AS (org. Nr 997235371).

#### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

#### Region Nord

Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

#### Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



### **NVEs vedtak**

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4, andre ledd, gir NVE Lillesand Vind AS utsett frist for idriftsetting av Lillesand vindkraftverk til 31.12.2021.

### **Klageadgang**

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing

Rune Flatby  
direktør

Arne Olsen  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:

AGDER FYLKESKOMMUNE  
FYLKESMANNEN I AGDER  
Lillesand kommune